Førsteblad

I.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Måltider og mat.

Oppskr. av: J. Austrumdal

(adresse): Vikeså

Fylke: Rogaland

Herad: Bjerkreim

Bygdelag: Øvre bygdi.

Gard: Austrumdal.

G.nr. 22 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det vanlege var 4 matmål um dagen. I notidi er talet på matmåli det same. Um sumaren hev dei fleste eit måltid meir um fyremiddagen, dei kalla det frukost. I eldre tid var dei uppe svært tidlegt um morganen medan slåtten stod på, kl. 5. var vanleg. Då åt dei eit matmål som sume kalla bisken. Soleis vart det um sumaren 5 matmål.

– Det er bygdemiliö og bönder det her vert fortalt um –.

2. Um vinteren var det i 8 tidi "Måronsmat" Kl. 11 var det daueremål. I 3 tidi var det nonsmat, og um kvelden kveldsmat. Um sumaren var det same matmåli med undantak av det tidlege matmålet i 5 tidi um morganen.

3. Sjå ovanfor.

4. Det er ingen som kjenner til dette.

5. Skulde det vera noko matmål, som dette namnet hövde på, måtte det vera nonsmaten.

4966

6. Med varm rett meiner de vel dit me no kallar middagsmat, og som fyr heitte nonsmat. Dei koka og fyr i tidi byggmjöls velling til morgonsmaten, og denne vart altid eten varm. Dauremål var oftast varm graut eller skilt.

7. Morgonsmat, daure og kveldsmaten var lik eller same maten kvar dag, so å segja. Nonsmaten var dit ymse brigde på. Haust vinter og vår, eller so lenge kjötet vara, vart mykje ein eller annan kjötrett dit vanlege. Um sumaren og utyver hausten vart dit fiska ikkje solite ferskvatnfisk aure, röyr, ål. Mykje av denne fisken vart eten fersk og noko av auren vart salta og tilstelt til rakaure, (spedjefisk). Um vinteren vart dit og kjöpt "sild". Ein del av denne vart eten fersk, og ein del vart salta og flekt og röykt. Som dit vil gå fram av ditte, hadde dei ymse slags mat til å briegda nonsmaten med, men kva dagar dei hadde kjöt eller annan mat, veit me ikkje når dit gjeld fyr i tidi. Me veit berre at dit var nokso vanlegt å ha "kjennebede" um laurdag

8. Berre det at um sumaren hadde dei ikkje altid kjöt, og då var mykje nonsmaten fladbröd med smör, myssmör og gome ogso poteter.

9. Av dit som er sagt ovanfor, vil de skyna at eg ikkje kann svara på ditte.

10. I gamle dagar åt dei aldri nonsmat utan „fladbrö".

11. Kva mat dei i eldre tid hadde veit me, men kva dagar dei åt den og den mat, veit me ikkje.

4966

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Matsetel for ūmlag 100 år attende


Ein matsetel for ei vika i eldre tid vil sjå nokonlunde slik ut for vinteren:

Sundagmorgon mjölkevelling kokt av byggmjöl. Attåt skinansbröd, som var baka av haure og rug i blanding, smör og poteter. Daure kl. 11. Kokte poteter med steikt morrpylsa og mjölk attåt. Mon. Kjöt og suppe. Kveld haure eller byggraut og mjölk

Måndagsmorgon: byggmjölsvelling, haureflatbröd smör, poteter. Daure: kokte poteter med mjölk. Mon. Saueribber (siesteig) flatbröd og poteter. Kveld haureg raut og mjölk

Tysdagm. det same som måndag. Daure: poteter og mjölk. Mon. steikt flesk med flatbröd poteter og myssmörvelling Kveld: haureg raut og mjölk.

Onsdagsm: som tysdag. Daure: poteter og mjölk non: fersk aure med poteter, mjölk.
Kveld: byggmjölsgraut, mjölk

Torsdagm. Som tysdag. Daure: poteter og mjölk. Mon: Kokt saue-kjöt med suppe. Kveld: byggmjölsgraut og mjölk.

Fredagsm: det same som torsdag. Daure: poteter og mjölk. Mon: rakaure med poteter og byggvelling. Kveld: haureg raut mjölk.

Saurdagm: som fredag. Daure: poteter og mjölk. Mon: Kinnebete med poteter og saup. Kveld: byggmjölsgraut og mjölk.

→ Det kann og variera meir med nonsmaten, soleis vert det slakta kalva um vinteren Byggmjöl-komle og sauehovud med flöd; matfeit Mylja av möykt flatbröd og sauefötter med flöd.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
4966

Matsetel um sumaren er i houndaki lik um vinteren med desse undantak: Um sumaren hadde dei eit matmål meir, åbit eller bisken. Dette var so tidlegt at dei kokte ikkje noko. soleis åt dei flatbröbete med mjölk, eller dravle, löypt på kvelden. Poteter og mjölk åt dei aldri um sumaren, men dei hadde mykje mjölk og åt soleis mykje dravle. Det var stundom dravle både til daure og til kvelds, men det vanlege var at dei åt graut og mjölk til daure. Um sumaren hadde dei nokso mykje ferskvatn fisk, men det var mindre med kjöt, og dei bruka mykje å eta til nons flatbröbete med smör og ymse pålegg, som dravle eller gome og fatost.

12. Å jau, det er nok forskjel, men desse brigdene hev ikkje kome med ei gang, men vakse fram litt etterkvart i sen framigjenom hundradåret. I 1860–70 åri tok bjerkrembuen so smått til å kjöpa rugmjöl og laga kake av; potetkake og surdeig-kake. Desse kakerne vart no bruka um morgonen attåt vellingen Kaffien, som hadde vore i bruk ei tid som högtidsdrikk, vart no i 80 åri meir og tekken meir ibruk av alle. Denne löyste soleis etterkvart av vellingen til morgons. Mammet daure vart umbytt med middagsmat, men det var fyrst då meieriet kom, at nonsmaten vart flutt til middag, og nonsmaten vart kaffi og skiva. No var kokekomfyren med steikeomn komen ibruk og dei baka no gjerbröd. Dravle er heilt vekke av matselelen no og flatbrö er lite brukt i huskaldet. No vert brödet altid bakt av kveitemjöl. og på skiva vert det brukt ymse pålegg

4966

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Graut og mjölk vert og lite brukt no: soleis at kveldsmaten og vert brödskiva attåt the, kaffi eller mjölk. Det er no större variasjonar av middagsmaten, Soleis köyper no fiskebil i fast ruta. Litt fersk kjöt og pylsa hev det og vore råd å slita ut, og attåt dette er det og no större bruk av grönsaker.

~~13~~. Forbruk av sukker hev auka mänarleg Det merkelege er at det var rasjoneringi under fyrste verdenskrig, som gav stöyten til denne aukingi. Det var forhaldsvis lite bruk av sukker fyrr denne krigen; då so rasjoneringi kom lydde ~~denne~~ på meir sukker enn folk var vande med, og ingen let vera å kjöpa alt det rasjoneringi lydde på. Sylting av ber og frukt hev auka, det sukkeret fillet.

13. Me köyper saktens at folk segjer: Fær eg ikkje middag, so kjenner eg meg ikkje retteleg mett; men skal me snakka um nationalrett no, då meiner eg, at me fær segja kaffi og skiva.

14. Det kjenner me ikkje til.

15. Matsituasjonen ~~etter~~ under siste krig hev ikkje brigda kosthaldet i bygdi annorleis enn fyrebels. Det surogat enn på ymse måtar laut ta tiltakke med under krigen, forsvant so snart andre varer vart råd å få kjöpt.

Mofortidi kann me heller ikkje setja upp ein matsetel og segja at den og den matrett vert altid eten på den og den dagen. Den einskilde matrett vert eten heilt ut slik det höver. Det hev venteleg vore slik fyrr i tidi og

14966
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING